Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 — Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Vega

Emne: Musikkinstrument — Bygdelag: Vika

Oppskr. av: Nils Alexandersen — Gard: Nygarden

(adresse): Vikasjøen — G.nr. 16 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eige røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Fiolinen har vore kjend så langt attende som eg veit. Han vart kalla fiol. Lyddåsen og halsen¹⁾, skruva'n (der strengene var festa oppe), strenghesten (som heldt strengene oppe), lydpijnnen (som ein kunne flytte inne i lyddåsen). Det ein fekk lyden fram med, kallast „bøjen"

2. Nei, det har vore i bruk frå eldgamal tid. Veit ikkje kven som først gjorde det inn. Nei, det er sume endå som brukar det. Vart ei tid fortrengd av gitaren.

3. Kjøpte helst „fiolin" når dei var med jektene i Bergen. Veit berre om 1 mann som sjølv har laga „fiolin" sin og han lever enno og er kring 76 år. Andre har eg ikkje høyrd om

4. Vanleg „fiol" var som den som enno er i handelen. Andre „fiolar" bruka dei ikkje. „Fiolin" hadde 4 strenger.

5. Vart ikkje laga her. Fiolane vart som før nemnd kjøpt helst på turane til Bergen.

6. Fell bort.

¹⁾ tjukk l

1278

7. a, Brukka tarmstrenger
b, Kjøpte i Bergen, anten i „vårstemna"
eller haustestemna.
c Fell bort.

8. Nei.

9. Ein sette det anten under haka
eller mot bringa, når ein spela..
Vart serleg brukka i brudlaup og
når dei heldt dans i bygdi.
Spelemannen kunne gå fremst i
brureføylgjet og spela sjølvom
veret var stygt.

10. Nei.

11. Nei ikkje vanleg. Kunne henda
at der var innfeld perlemor.

12. a) Veit ikkje om noko serleg opphav her.
b) Vart kjøpt ferdig
c) Fortald i punkt 9. Ikkje bemerke.

13. Nei ingen av dei eg har kjend eller
kjenner var noko serleg flink; men
folk sa dei var „bra flink".
Ein som var halde for å vera „bra
flink" levde kring 1870.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

I.) Fele.

Vanlig fele vart bruka.

II) Hardingfele. Vart ikkje bruka her.

III) Nykkelharpe. Ukjend her.

IIII) Vanlig harpe — " —

V) Langeleik — " —

VI) Hemle — " —

VII) Salmodikon Vart bruka i mange stader. Dessutan hadde some heimlaga salmodikon laga av ei fjöl slik:  . Fjåli var renda som teikningi. Bruka boge som til fela.

VIII) Ropar: Ukjend

IX Lur Vart ikkje bruka her.

b. c. d. e fell bort.

X Prillarhorn Bukkehorn vart bruka Hadde ei tunn treteinga som låg over opningen der ein sette munnen. Var ikkje alle som fekk like godt mål i hornet. Hadde ikkje fingerhol på hornet, men bruka variera tonen med å leggja ein del av den frie handi over lydopningi.

XI Vanlig fløyte Vart ikkje bruka her.

XII Seljefløyte Var vanleg å lage kvar vår, serlig av gjötargutane.

XIII Sikkepipe Vart ikkje bruka her.

XIV Kjeremharpe. Ukjend her.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

XV Spikarfele. Ukjend her.
XVI Tromme Vart ikkje bruka her.
XVII Kjenner ikkje til andre instrument som vart bruka i gamal tid.

## Bolk B.

### Byinstrument.

1) Citer, guitar, mandolin, positiv og dragspel kom i bruk 70-80 åri
2. Positiv vart bruka helst til dans. Citer var lite i bruk; men no er det visst ingen som brukar han her. Guitar kom i bruk i 80-90 åri. Ei lærarinne som kom hit til bygdi i 1891 var den fyrste som bruka gitar. Så vart det liksom ein mote ei tid. Mange skulle ha guitar og med den kom då lette frelsesarmesongane i bruk. ~~Men~~ er båe desse lite bruka att. Fela ~~som~~, då ei tid vart sett på som eit "Satans" instrument er atter kome i bruk hos mange. Dragspel er det berre eit par stykke av her i bygdi.
Det var helst vanlege folk som hadde desse instrumenti.
3. Guitaren førde med seg frelsesarme- og metodistsongar, som mest alle gjekk feiande og lett og ofte i valstakt. Gamle slåttar vart ikkje spela på guitaren.

## Bolk C

### Larminstrument m. m.

1. Å blesa i strå som ein sette

1278

mellom tommelfingrane, var ofte brukа, serleg mellom gutar, likeins å blåsa i „tommaň" som ein kalla det. Då kunne ein og få til ymse tonar på songar og slikt.

2. Fell bort.

3 Fell bort

4. Å blåsa i „tommaň" gjorde ein og annan ungdomen når dei samlast i lag. Ein av disse som var flink å spela tonar på „tommaň" lever enno og kring 70 år. Dei ymse tonar i skalaen fekk han fram ved opna på ymse fingrar når han heldt dei saman under blåsingi.

Bolk D.

Mellomalderlege instrument.

Ingen av disse var kjend her.

Ein her på Vega som har laga ~~fela~~ ei sjølv er:
S. Skjevling
adr. Rörøy i Helgeland

1278